

Leikanger barneskule

mars 2021

Referat frå møte i SU, samarbeidsutvalet, ved Leikanger barneskule 09.03.2021

Desse møtte: Markus, Siri Randen, Monica Wathne Tufte, Siv Anette Slinde Thorsnes, Anita Instefjord og Ivar Husum.

Saker:

1. Orienteringssaker.

Rektor: Målfred går av som rektor og vert pensjonist. Ivar overtek som rektor frå etter påske og fram til sommaren. Rektorstilling er utlyst, og det vert jobba med kven som skal overta inspektørjobben medan Ivar er rektor.

Kartleggingsprøvar: Desse startar vi med no.

Utviklingssamtalar:

Litt usikkert, med tanke på koronastoda, korleis desse vert organiserte og korleis forma på dei vert. Det vert i alle fall gjennomført samtalar. Det er eit poeng at samtalane ikkje kjem for seint på våren. Elevane skal ha tid til å utvikle seg etter samtalene. Undervisninga og fagstoffet byggjer på eit spiralprinsipp, og utdanningsløpet må ikkje sjåast på som klassevis isolerte bolkar. Undervegsvurderinga og framovermeldingane skal ha ein verdi for tida etter utviklingssamtalane, også for neste skuleår. Kanskje vi bør sjå meir på korleis vi vurderer og kven vurderinga er for. Lærarane må ha nok grunnlag for vurdering, og det er ynskjeleg at kartleggingsprøvane er fullførte og vurderte før samtalane finn stad.

Ordensreglar i Bjørnehiet:

Gjennomgang av ordensreglane. Desse reglane er drøfta med borna og vert formidla til barnehagane. Det er positivt at det vert jobba med språkbruk. Reglane er godkjende i dag, 9. mars 2021.

2. Ny ressursfordelingsmodell for kommunen. Orientering til FAU.

Adm. informerer om at 1,3 stillingar må kuttast slik det no ser ut. Ingenting er spikra enno, og skulen har fått forståing for at nedskjeringa kan takast litt gradvis. SU-leiar kommenterer at saka ikkje er drøfta med FAU i heilskap. Det har berre vore informasjonsmøte med FAU-leiarane via Teams.

3. Utviklingsplan for neste skuleår.

Ivar informerer om satsingsområda. BTI, betre tverrfagleg innsats, blir særskilt nemnt. Dette er nytt, og vi er ikkje gode nok på det enno. Det verkar nyttig og bra. Faglege utviklingstiltak vil vera fagfornyinga med vurdering og lesing.

4. Trafikken ved skulen

Dette temaet blir jamleg teke opp. Rektor har teke saka opp med kommunen på ny. SFO har ikkje personale til å ta på seg trafikkoppdrag ved parkeringsplassen ved busshaldeplassen no. Bilar må ikkje gå på tomgang – dette er farleg! Det blir jobba vidare med dette, og oppfylgjinga må vera kontinuerleg. Inspektør bør med jamne

mellomrom sende vismapåminningar til foreldra, for dette viser seg å ha effekt ei stund.

5. Organisering av foreldremøte.

Skulen har ein plan med retningslinjer for gjennomføring av foreldremøte laga i 2018 (Læringsmiljøprosjektet). Det er ynskjeleg at foreldremøta skal vere ein arena for foreldregruppa til å verte kjende med kvarandre. Skulen kan legge til rette for dette slik at klassekontaktane kan legge opp til diverse samlande aktivitetar gjennom skuleåret.

6. Neste møte tysdag 13. april 2021.

Ivar Husum,
ref.